



Vi gratulerer Lise Stornes Einane med strålende innsats under OL i Brasil.

**En av verdens smarteste geofag-ungdom er overskrifta når Solabladet omtalar den glitrande prestasjonen til Lise Stornes Eiane (17 år) under OL i geofag i Brasil. Den smarte ungjenta har sterke slektsband tilbake til Uskedalen. Bestemora Berit Lovise Eiane er oppvaksen her i bygda, flytta til Herøysundet og der voks far til jenta, Tor, opp saman med 3 søsken.**

Etter ei svært hard kvalifisering som føregjekk i fleire omgangar, vart Lise Stornes Eiane plukka ut blant dei 4 som fekk representera Noreg i OL. I år stilte det deltakarar frå 28 land, og det var såleis over 100 deltakarar. Nokre land førebudde seg ekstra mykje til konkurransen. Nokre asiatiske land hadde for eksempel treningsleir i 4 månader, men så låg dei også i toppen heile tida.

Lise gjorde det svært godt i konkurransen, og ho var ein av dei som gjorde seg fortent ein sterk bronsemedalje. Ein imponerande prestasjon!! Vi gratulerer!

Geofag er eit samleomgrep for geologi, geofysikk og geografi, og vitskapen om korleis jorda er bygd opp og om prosessane som påverkar og formar landskapet.

De kan lesa meir om den flotte prestasjonen til Lise Stornes Eiane ved å klikka inn på [nettutgåva til Solabladet](#). I tillegg til bestemora i Herøysundet, har Lise tante, onkel og søskenborn i Uskedalen. Det er Eli, Nils, Sondre og Ingrid Klyve.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Solabladet.no